



Arkivnr: 2016/2768-12

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Prosjektrekneskap Stend vidaregåande skule - Ombygging for tilrettelagt opplæring - Uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for denne prosjektrekneskapen leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskapen og i revisjonsmeldingar dagsett 02.12.2016, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen gjev eit rettvise bilete av prosjektet og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskapen og revisjonsmelding ligg ved.

Drøfting:

Prosjektet gjekk ut med eit meirforbruk, i høve opphavleg budsjett, på 116,3 %. Dersom ein ser det i høve total løyving viser prosjektrekneskapen eit meirforbruk på 1,4 %, jf. oversyn nedanfor. Sekretariatet merkar seg at det i dette prosjektet er eit stort avvik mellom opphavleg løyving og framlagt prosjektrekneskap. Det kan difor, som kontrollutvalet også har merka seg ved fleire tidlegare høve, vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok også i dette prosjektet.

Oversyn:

Prosj.nr.	Eining	Føremål	Opphavleg løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
2127	Stend vgs.	Ombygging for tilrettelagt opplæring	kr 15 000 000	kr 32 447 562	-kr 17 447 562	-116,3 %
		Total løyving	kr 32 000 000	kr 32 447 562	-kr 447 562	-1,4 %

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for dette prosjektet viser seg at ein har stort avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved fleire høve i samband med tidlegare prosjektrekneskapar.

Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutinane på dette området er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvissande bilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og tar konklusjonen til etterretning.
2. Utvalet har igjen merka seg at dette prosjektet har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader er gode og dekkande nok.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Uttalelse prosjektrekneskap Stend VGS
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02127 - Stend vgs - ombygging for tilrettelagt opplæring
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02127 - Stend vgs - omb. for tilrettelagt opplæring